

Innspill frå Hardanger Fjellklyvarlag om vindkraftutbygging i Kvinnherad kommune – analyseområde 15

Me syner til NVEs nasjonale kartlegging av visse område for vindkraftutbygging. Hardanger Fjellklyvarlag, ein lokal klatreklubb for Odda og Ullensvang, vil be om at Uskedalen, Eikedalen og fjella i tilstøytane område vert fjerna som aktuelt område for vindkraft. Dette området har internasjonalt kjende fjellveggar for klatring, og er eit av landets beste klatreområder - kjend for den heilt spesielle steinkvaliteten.

Hardanger Fjellklyvarlag er ein lokal klatreklubb for Odda og Ullensvang med ca. 50 aktive registrerte medlemmar. I sommarsesongen er både klatreglade guidar og vikarar i helsevesenet med og aukar aktiviteten i klubben betrakteleg. Uskedalen ligg berre ein dryg times køyretur frå Odda og er eit populært tur- og klatremål for klubben. At Bergen Klatreklubb også har utgitt ein eigen klatrefører med informasjon om dei meir enn 60 klatrerutene i veggene her, og at det årleg kjem hundrevis av klatrarar får inn- og utland, er med og bidrar til at dalen er ein svært aktuell stad å dra og klatre. Dette gjeld både for oss lokale klatrarar og tilreisande turistar. Me registrerer også at denne interessa er aukande.



Utsikt mot Geitadalstind og fleire av Uskedalens tinder frå Kolkjereryggen. Foto: Randi E. Taxt

Saman med Bergen Klatreklubb, Haugaland Klatrelag, DNT fjellsport Bergen, DNT fjellsport Kvinnherad, klatregruppa i UIL (Uskedalen idrettslag) er Hardanger Fjellklyvarlag sine medlemmer ofte med på klatresamlingar i Uskedalen. I Uskedalen er klatringa stort sett såkalla tradisjonell klatring – det vil sei klatring der ein tar sikringane med seg etter kvart, og kor ein er opptatt av sporlaus ferdsel. Ved tradisjonell fjellklatring står derfor den totale naturopplevinga like høgt som sjølve klatringa. Uskedalen er eit eldorado for denne type klatring, også kalla "Norwegian Style". I

tillegg gir fjellområdet høve til både lett turklatring og ein spennande alpin ryggtravers, Kolkjereryggen. Slike områder har me ikkje for mange av i Hordaland, sjølv om me har mykje fjell.



Mot Kolkjereryggen frå Ulvanosa. Rosendalpane og Hardangerfjorden i bakgrunnen. Foto Randi E. Taxt

Sommaren 2013 kom eit team frå det internasjonalt anerkjende Climbing Magazine for å klatre og lage ein reportasje frå området. Det resulterte i 8-10 sider om Uskedalen som eit fantastisk klatreeventyr (<https://www.climbing.com/places/higher-calling-untouched-pristine-granite-domes-in-norway/>). Sidan har fleire og fleire oppdaga kor flott både klatringa og naturen her er. Det norske

magasinet Klatring har i tillegg hatt ein åtte siders reportasje om klatring i Uskedalen, noko som har også vore med og auka klatreaktiviteten i området merkbar dei siste åra.

Hardanger Fjellklyvarlag meiner det er viktig å ta vare på dei uberørte klatreområda som finnes i Norge. Utbygging av vindkraft i fjella rundt Uskedalen og Eikedalen, vil sterkt minke klatreopplevingane. Dei aller fleste rutene klatrast til topps av veggen, kor ein vert lønna med eit fantastisk - og urørt - utsyn i alle retningar. Ein kan sjå mellom anna Rosendalsalpene, Folgefonna, Hardangerfjorden og Etnefjella. Returen (ved klatring i Uskedalen) går gjerne frå Ulvanosi eller Geitdalstind via merka tursti. Naturopplevinga er derfor både klatringa og turen ned. Begge deler vil verta sterkt forringa med 250 meter høge vindturbinar i området.

Hardanger Fjellklyvarlag slutter seg også til uttalinga frå Norsk Tindeklubb kor det mellom anna står:

Utpekt areal: «Sunnhordaland og Haugalandet»

Uskedalen og Eikedalen

Kartreferanser: UTM 32V/WGS84: 6641541, 328424 og 6644709, 323032.

Kommentarer: Klatreområdene befinner seg i de østvendte dalsidene til de to kartreferansene (topp 1248 moh., Ulvanosi, og topp 1012 moh., Manen). Det østligste klatreområdet har en utstrekning nord/sør på ca. 5 km og en vesentlig del av attraksjonen her er at klatringen ender på toppen av et alpint fjellmassiv med fri utsikt i alle himmelretninger; Rosendalsalpene med isbreen Folgefonna i øst, Hardangerfjorden og Sunnhordaland i nord og vest og Etnefjellene i sør. Dette er blant Vestlandets mest attraktive områder for fjellklatring, som i tillegg til utsynet mot ikoniske landskaper også kjennetegnes av en etter norske forhold helt unik steinkvalitet. Klatreutfordringene imøtekommer hele ferdighetsspekteret, og området er lett tilgjengelig for større befolkningskonsentrasjoner i Nord-Rogaland og Hordaland. Området er også populært blant tilreisende klatrere både fra andre landsdeler og fra utlandet – og har flere ganger vært omtalt i internasjonale klatremagasiner. Klatrehistorien går tilbake til 1980-talet, og området er godt dokumentert i og kjent gjennom guidebøker og førerverk. Selv om sannsynligheten er liten for at selve fjellveggene eller topp 1248 moh. / topp 1012 moh. skulle bli fysisk berørt av vindkraftverk (per nå omfattet av «myke eksklusjoner»), vil konsesjon til vindkraftverk i de nærliggende områdene vesentlig redusere verdien av klatringen. Dette gjelder både platået vest for Uskedalen, fjellkammen øst for Uskedalen og fjellområdene i sør, avgrenset av Matersfjorden og Åkrafjorden. Konsesjon til vindkraftverk i området sør for topp 1012 moh. vil i tillegg kunne plassere klatringen i Eikedalen innenfor sonen for *total dominans* (sannsynligvis få turbiner), jamfør fotnote 3, og innenfor *ytre visuell dominanssone* (sannsynligvis mange turbiner), jamfør fotnote 4.

For resten av uttalinga frå Norsk Tindeklubb sjå her: <http://www.ntk.no/nyheter/>

30. September 2019

Styret i Hardanger Fjellklyvarlag